

**Frå:** Marit Nedreli  
**Send:** onsdag 28. juni 2023 08:27  
**Til:** 'kevatle@msn.com'  
**Emne:** 60/10 - Gjeld førespurnad om oppføring av garasje

Hei

Kommunen syner til e-post av 21.06.2023.

Det vert lagt til grunn at førespurnaden gjeld oppføring av garasje, som ikkje skal nyttast til landbruksutstyr.

Sidan eigedomen ligg i LNF-område vil det dermed vere krav om søknad om dispensasjon frå arealføremålet i arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a, jf. § 19-1.

Skjema for søknad om dispensasjon ligg på nettsida til Osterøy kommune, sjå

<https://www.osteroy.kommune.no/soknadsskjema-fra-a-a/> bokstav D, Dispensasjon, søknad om (skjema) og informasjon om dispensasjon.

Dersom det vert gjeve dispensasjon til oppføring av garasje, vil storleiken på garasjen vere avgjerande for om det må søkjast om oppføring eller ikkje.

Informasjon om søknadsplikt ligg på nettsida til Direktoratet for byggkvalitet, sjå mellom anna informasjon på nettsida <https://dibk.no/bygge-eller-endre> «slik søker du» og «må du søke? veiviser: garasje».

Eventuelle skjema for søknad om oppføring av garasje ligg òg på nettsida til Direktoratet for byggkvalitet, sjå <https://dibk.no/soknad-og-skjema>

**Med venleg helsing**

**Marit Nedreli**  
**Rådgjevar**

T / 56 19 21 00

E / [post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)

W / [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no)

Osterøy kommune: Organisasjonsnummer: 864 338 712.

Besøksadresse: Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Postadresse: Postboks 1 - 5293 Lonevåg.

Kommunen gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak-/arkivsystem og kan verte offentleggjort i samsvar med offentleglova.

-----